



Saima Kristine L. Døssland (t.v.) var ein av fiolinistane under konserten på Husnes i dag.

Saima Lomheim Døssland frå Uskedalen var i dag ein av mange aktørar på den store konserten i ein fullsett konsertsal på Husnes. Ho er elev i Kvinnherad kulturskule sitt Orkester 3 og med sin dirigent Olena Pasichnyck framførte gruppa Theme from ice Catle og Edelweiss frå Sound og Music.

Saima fekk og oppleva og spela saman med Sunnhordland Kammerorkester leia av dirigenten Lars-Erik ter Jung.

Orkester 3 på kulturskulen er for vidarekomne på strykeinstrument, til saman 16 elevar frå heile kommunen. Dei som held eit visst nivå og vil satsa litt ekstra, kan søkja om opptak i Sunnhordland Kammerorkester.

Å spela i eit strykeorkester er ei krevjande oppgåve. Det krev stor presisjon og musikalsk dugleik. Etter det vi fekk vita var elev Målfrid Matre Hatteberg med på konserten. Mora kjem frå Uskedalen og Leif Matre er bestefaren.



[Sunnhordlan kammerorkester er eit godt tilbod til dei som spelar strykeinstrument.](#)

Tekst: Kristian Bringedal
Foto: Bjarte Døssland
Nett: Thor Inge Døssland